



Rambøll Norge AS
Postboks 3706 Fyllingsdalen
5845 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/461 - 17/20166

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
04.07.2017

Ferdigattest ombygging eksisterende bygg - gbnr 188/322 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 315/17

Tiltakshavar: Lindås kommune, eigedom

Ansvarleg søkjar: Rambøll Norge AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.02.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.06.2017.

Skildring

Adresse:	Kvernhusmyrane 41
Bygningstiltak:	Kontor- og administrasjonsbygg, rådhus
Bygningsnummer:	12491263
Bruksareal:	1850 m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for ombygging av inngang og mottaksarealet i 1. etasje i rådhuset på gbnr 188/322.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/461

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune, eigedom

Kvernhusmyrane 5914
20

ISDALSTØ

Mottakarar:

Rambøll Norge AS

Postboks 3706 5845
Fyllingsdalen

BERGEN